



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Oppvekst- og kulturutvalg

Møtested: Formannskapssalen, 3. etg.

Møtedato: 13.10.2015

Tidspunkt: 09:00 - 14:20

Til behandling: Saksliste nr. 026/15 - 031/15

Medlemmer:

SP - Olav Horn (Leder)
AP - Terese Gjerde (Nestleder)
FRP - Ronny Mobakken (Medlem)
H - Linda Vika (Medlem)
KRF - Dag Almenning (Medlem)

Varamedlemmer:

TVLV - Even Halsør (Varamedlem)
V - Torstein Hagen (Varamedlem)

Fra administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Ove Aksnes
Rådmann Knut Ove Leite
Økonomisjef Norvall Bakke
Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre

Forfall:

TVLV - Malene Lunde Sætren (Medlem)
V - Daniel Gangeskar (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 5. Totalt frammøtte: 7

Leiar for Ungdomsrådet i Vågsøy, Aurora Sofie Brekke Bergh var tilstade på presentasjon av Vågsøy ungdomsskule.

Måløy 13.10.2015

Ove Aksnes
Kommunalsjef

Dagny-Ann Gangeskar
konsulent

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
026/15	Godkjenning av møteprotokoll	
027/15	Referatsaker	
028/15	Dialogmøte mellom skuleeigar og skulane 13.10.2015	
029/15	Tilstandsrapport for grunnskulen i Vågsøy 2014/2015	
030/15	Økonomimelding II 2015 Vågsøy kommune	
031/15	Drøftingssak - Økonomiplan 2016 - 2019 Vågsøy kommune	

Kl 09.00 – 09.45: Rådmann Knut Ove Leite informerte og svarte på spørsmål om nye Vågsøy ungdomsskule.

Kl 10.00 – 10.30: Tenesteleiar Odd Gunnar Myhre informerte og svarte på spørsmål om kulturavdelinga.

Kl 10.40 – 12.00: Dialogmøte med rektorar og inspektørar frå grunnskulane i Vågsøy.

Kl 12.00 -12.45: Rådgjevar for skule Torill Furnes Myhre orienterte og svarte på spørsmål om «Tilstandsrapport for grunnskulen i Vågsøy 2014/2015».

Kl 12.50 – 14.20: Økonomisjef Norvall Bakke orienterte og svarte på spørsmål om «Økonomimelding II 2015 Vågsøy kommune» og «Økonomiplan 2016-2019 Vågsøy kommune».



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	13.10.2015	026/15

Endelig vedtak i: Oppvekst- og kulturutvalet	Arkivsaknr.: 15/1200	Saksansvarlig: Dagny-Ann Gangeskar
--	--------------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

13.10.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknad.

Votering

Rådmann si innstilling samrøystes godkjent.

OK-026/15

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteboka frå forrige møte ligg på heimesida til kommunen og i politikarportalen.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	13.10.2015	027/15

Endelig vedtak i: Oppvekst- og kulturutvalet	Arkivsaknr.: 15/1199	Saksansvarlig: Dagny-Ann Gangeskar
--	--------------------------------	--

Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

13.10.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre informerte om kulturavdelinga og svarte på spørsmål om kulturskulen, folkebadet og klatrepark.

OK-utvalet ønsker ei breiare oppstilling over fordeler og ulemper med å flytte til midlertidig kulturskule og framtidig kulturskule, til neste møte i november.

Votering

Rådmann si innstilling samrøystes tatt til etterretning.

OK-027/15

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID		Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/10089	I	20.08.2015	FOVEA AS	Stortingsforslag for å sikre leirskoleopplæringen - med kommunens støtte
2	15/10665	U	16.09.2015	Liste	Liste medlemmer FAU skuleåret 2015/2016
3	15/10666	U	16.09.2015	Liste	Referat frå møte i FAU ved Vågsøy ungdomsskole 15.09.2015
4	15/10667	U	16.09.2015	Liste	Referat frå møte i

					Samarbeidsutvalget ved Vågsøy ungdomsskole 15.09.2015
5	15/10170	I	03.09.2015	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2015 - avslag på søknad om tilskot til kulturhuset Turnhallen
6	15/10226	I	04.09.2015	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2015 - tilsegn om tilskot til Nord-Vågsøy kulturhus
7	15/10520	I	10.09.2015	Det kongelige kunnskapsdepartementet	Nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnopplæringen 2015 - 2019
8	15/10366	I	08.09.2015	Det kongelige kunnskapsdepartementet	Høring, opptak til høyere utdanning - frist 16.11.2015
9	15/10357	I	09.09.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Skulekampanje Snakk om spel
10	15/11098	I	24.09.2015	Utdanningsdirektoratet	Høring - endringer i læreplan for Vg3/opplæring i bedrift togelektrikerfaget- frist 31.12.2015
11	15/11048	I	22.09.2015	Det kongelige kunnskapsdepartementet	Høring - Endringer i opplæringsloven - Friere skolevalg m.m.-frist 07.12.2015
12	15/10464	I	09.09.2015	Det kongelige kulturdepartementet	Eid og Vågsøy kommunar - om interkommunale idrettsanlegg
13	15/11240	I	28.09.2015	Stryn kommune	Regionalt friluftsråd i Nordfjord



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	13.10.2015	028/15

Endelig vedtak i: Oppvekst og kulturutvalet	Arkivsaknr.: 15/1204	Saksansvarlig: Torill Furnes Myhre
---	----------------------	------------------------------------

Dialogmøte mellom skuleeigar og skulane 13.10.2015

13.10.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Rektor på Holvik skule Line Dalelv innleia med presentasjon av «Forventningsavklaring mellom skule og skuleeigar med bakgrunn i kommunedelplan for oppvekst, tilstandsrapport for grunnskulen og pågåande arbeid»

Dialog:

Rektorane ønsker at ein skal samarbeide tett, og ikkje innta ei «vente og sjå-haldning». Derimot må ein komme tidleg inn og sette igong tiltak. Dette gjeld på alle trinn og i alle aldrar. Tidleg innsats er tidleg når problemet oppstår, og gjeld i alle alderstrinn.

Ungdomstrinnsatsinga syner at motivasjon av elevane er veldig viktig. Klasseleing er hovudsatsingsområde i starten av satsinga. Neste semester har tema lesing i alle fag.

Dialogen mellom rektorane/inspektørane og medlemmane gjekk også på gjensidig forventningsavklaring.

Administrasjonen sender over til medlemmane i OK-utvalet oversikta over skulane sine forventningar til utvalet. OK-utvalet kjem tilbake med sine forventningar til skulane.

Votering

Ingen votering.

OK-028/15

Vedtak:

Ingen vedtak.

Ein ynskjer med dette å opne for ein god dialog mellom skuleeigar og skular kring følgande tema:

Forventningsavklaring knytt til tilstandsrapport, kommunedelplan for oppvekst og pågåande arbeid i Vågsøyskulen.

Det vert innleiing ved skulane om tema i forkant av drøftingar.



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	13.10.2015	029/15
Kommunestyre	29.10.2015	

Endeleg vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 15/1201	Saksansvarleg: Torill Furnes Myhre
--	--------------------------------	--

Tilstandsrapport for grunnskulen i Vågsøy 2014/2015

Rådmannen si innstilling

Oppvekst og kulturutvalet tek «Tilstandsrapport for grunnskulen i Vågsøy skuleåret 2014/2055» slik den ligg føre til etterretning.

13.10.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Rådgjevar for skule Torill Furnes Myhre presenterte og orienterte om «Tilstandsrapport for grunnskulen i Vågsøy skuleåret 2014/2055».

Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-029/15

Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet tek «Tilstandsrapport for grunnskulen i Vågsøy skuleåret 2014/2055» slik den ligg føre til etterretning.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Opplæringslova §13-10
Opplæringslova § 2-12
Opplæringslova §14-1, 4 ledd: Tilsyn og kontroll
Stm.31 (2007-2008)

Bakgrunn for saka

Ansvarer til kommunen er heimla i opplæringslova § 13- 10, der det står:

"Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvarer for at krav i opplæringslova og forskriftene blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit **forsvarleg system for vurdering** av om krav i opplæringslova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 ha eit **forsvarleg system for å følgje opp resultat** frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.

Frå Utdanningsdirektoratet (Skoleporten):

«Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld.nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.»

Tilstandsrapporten skal drøftast av kommunestyra.

Saksopplysningar / fakta

Tilstandsrapporten er ein del av det nasjonale kvalitetssikringssystemet. Tilstandsrapporten blir også ein del av kommunen sitt system for kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling.

Tilstandsrapporten byggjer på opplysningar frå *skoleporten.no* om resultat frå nasjonale prøver, elevundersøkinga, foreldreundersøkinga, pedagogisk årsrapport, verksemdsplaner og drøftingar i leiarmøte. I tilstandsrapporten er det obligatorisk å omtale resultat av nasjonale prøver, elevane sitt læringsmiljø, eksamensresultat, samla sum grunnskulepoeng etter avslutta grunnskuleopplæring, overgangen til vidaregåande skule og kommunen sitt system for internkontroll / kvalitetsvurdering.

Gjennomgåande i nyare forskning er det at skuleeigarar som bevisst satsar på skuleleiarar og lærarar si profesjonsutvikling, ser ut til å nå lengst i å utvikle skular med eit godt læringsmiljø og gode læringsresultat. Vellukka utviklingsstrategiar tek utgangspunkt i få og tydelege mål. Måla må følgjast opp av eit systematisk kvalitetsarbeid som politikarar, forvaltning, skuleleiarar, lærarar, elevar og foreldre samhandlar om.

Utviklinga av skulane og dei tilsette si profesjonsutvikling må baserast på ei kollektiv bygging av kunnskap og kapasitet på alle nivå i organisasjonen.

Det er viktig at det er gode koplingar mellom retningslinjer, praksis og forskning. Forsking legitimerer og gjer det lettare å gjere gode politiske val, å ha ei trygg forvaltning og ei legitim profesjonsutøving blant lærarar og skuleleiarar.

Oppsummert seier nyare forskning at desse faktorane har mest å seie for elevane si læring:

- Læraren si evne til å leie klassar og undervisning
- Læraren si evne til å bygge relasjonar til elevane
- Læraren sin faglege/didaktiske kunnskap
- Elevane kjenner måla for opplæringa og får vere med å vurdere eiga læring
- Elevane får jamlege tilbakemeldingar om kvar dei står i høve til måla for opplæringa og råd om korleis dei skal forbetre seg.
- Elevane har foreldre som støttar opp om opplæringa.
- Administrativt nivå har kompetanse og kapasitet til å følge opp både politikk og profesjon
- Ei skuleleiing som kan leie lærarane si profesjonsutvikling

- Aktive skuleeigarar som har vilje til å utgjere ein forskjell, og som utøvar eit skuleeigarskap basert på innsikt og kunnskap om skulesektoren.

Vurdering / konsekvensar

Vågsøy kommune nyttar eit system for kvalitetsvurdering/kvalitetsutvikling som fyller krava i opplæringslova |§13-10 som er utvikla i eit samarbeid mellom alle nordfjordkommunane. . Årshjulet inneheld ei rekkje arenaer for dialog. Ein vil arbeide for å oppretthalde desse arenaene for å styrke dialogen med det politiske nivået , og å gje politikarane den kunnskapen dei treng for å fatte dei rette vedtaka.

Vedlegg:

Dok.nr
175694

Tittel på vedlegg
Tilstandsrapportforgrunnskolen2015.docx



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	13.10.2015	030/15
Formannskap	15.10.2015	111/15
Helse-og omsorgsutvalg	16.10.2015	017/15
Kommunestyre	29.10.2015	

Endelig vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 15/1044	Saksansvarlig: Norvall Bakke
---	--------------------------------	--

Økonomimelding II 2015 Vågsøy kommune

Rådmannens innstilling

Kommunestyret godkjenner rådmannens forslag til økonomimelding II 2015.

13.10.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Økonomisjef Norvall Bakke orienterte og svarte på spørsmål.

Votering

Rådmann si innstilling samrøystes godkjent.

OK-030/15

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rådmannens forslag til økonomimelding II 2015.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

[LOV-1992-09-25-107](#) Kommuneloven – kompl. Lov om kommuner og fylkeskommuner

- [2000.12.15 nr 1423](#): (KRD) Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)
- [2000.12.15 nr 1424](#): (KRD) Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)
- [2000.12.15 nr 1425](#): (KRD) Forskrift om rapportering fra kommuner og fylkeskommuner

31.05.2011: Økonomireglement for Vågsøy kommune

31.05.2011: Finansreglement for Vågsøy kommune

Bakgrunn for saken

Rådmannen legger med dette frem forslag til økonomimelding II 2015.

Saksopplysninger / fakta

Det vises til vedlagt dokument Økonomimelding II 2015 med vedlegg.

Vurdering / konsekvenser

Det vises til vedlagt dokument Økonomimelding II 2015 med vedlegg.

Rådmannen tilrår at Kommunestyret godkjenner rådmannens forslag til økonomimelding II 2015.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
176212	Økonomimelding II 2015 - Vågsøy kommune (v20151008).pdf
176144	Vedlegg 1 ØKM II 2015 - Investeringer (20150930).pdf
176141	Vedlegg 2 ØKM II 2015 - rapportering fra Vågsøy Sokneråd.pdf



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	15.10.2015	110/15
Oppvekst- og kulturutvalg	13.10.2015	031/15
Helse-og omsorgsutvalg	16.10.2015	018/15

Endelig vedtak i: Formannskap	Arkivsaknr.: 15/892	Saksansvarlig: Norvall Bakke
---	-------------------------------	--

Drøftingssak - Økonomiplan 2016 - 2019 Vågsøy kommune

13.10.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Økonomisjef Norvall Bakke orienterte og svarte på spørsmål.

Dialog:

Korleis best sikre politisk involvering i økonomiplanlegginga? OK-utvalet ønsker å møtast tysdag 3. november for å diskutere Økonomiplan 2016 – 2019 Vågsøy kommune.

Votering

Ingen votering.

OK-031/15

Vedtak:

Ingen vedtak.

Skriv inn drøftinger her

Tekst

